



HØGSKULEN I VOLDA

Volda University College

Nyhendebrev nr. 14, 20. april 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Symfoni og jazz komande søndag

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda arrangerer komande søndag 23. april vårkonsert saman med Brazz brør i Hjørundfjord kyrkje. Det blir mykje afrikansk og norsk musikk på ein konsert som orkesteret lovar skal bli stemningsfull og fargerik.

LES MEIR



X2-festivalen startar i dag

For mange er årets høgdepunkt [X2-festivalen](#), og no er den her: Frå i dag torsdag 20. til søndag 23. april. På programmet står som vanleg ski, surfing, skating, klatring, sykling - og naturlegvis musikk.

LES MEIR

Studium og studentliv



Rokken-Bodil: Gruar seg til å forlate Volda

Student Bodil Lerøy (24) har vore fem år i Volda, men til hausten dreg ho frå Volda - og ho gruar seg! Bodil er også kjend som Rokken-Bodil etter å ha vore frivillig på Rokken, X2 og Dokfilm - og meir til. [Les intervju med Bodil på nettsidene våre.](#)

Huskonsert på Kårstad 20. april - den siste i semesteret

Den siste huskonserten i semesteret blir arrangert i [konsertsalen på Kaarstad torsdag 20. april kl 15.00](#). Gratis inngang.

Sterk auke i trafikken på nettsidene til Høgskulen i Volda før Samordna opptak stengde

I tida frå 1. februar til 15. april 2023 var det sterk auke i trafikken på nettsidene til Høgskulen i Volda. Samanlikna med året før var det ein 16 prosent auke i talet på sidevisingar og 25 prosent auke i det som vert kalla unike sidevisingar. Søknadsfristen i Samordna opptak gjekk ut 15. april, og 24. april 2023 vert søkartala til Høgskulen i Volda og andre høgskular og universitet kjende.


Kva skjer i Volda og Ørsta? Sjekk ut nettsida orstavolda.no

På nettsida orstavolda.no er det ein veldig brei og oppdatert [kalender med oversyn over arrangement i Volda og Ørsta innanfor kultur- og idrett](#). Ørsta Næringskontor er [ansvarleg for nettsida](#) som også tek i mot tips og informasjon om arrangement.

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Nøttesteik med rosenkål og granateplesalat (vegan)
Tysdag: Fiskegryte med potetmos
Onsdag: Kylling chop suey
Torsdag: Ball med tilbehør
Fredag: Tacobuffé

Fag og forskning



Biblioteket: Boklansering torsdag 27. april kl. 12.00: Arnljot Løseth: Den industrielle revolusjonen

[Arnljot Løseth](#), professor emeritus i historie ved Høgskulen i Volda, har skrive boka "Den industrielle revolusjonen: Storbritannia i eit europeisk og globalt perspektiv, 1600-1914", som nyleg kom ut på Fagbokforlaget. Boka blir no lansert på HVO-biblioteket torsdag 27. april kl 12.00. [Les meir om arrangementet og boka.](#)

14 HVO-tilsette har fått FoU-stipend for 2024

På møte i Forskingsutvalet onsdag 19. april fekk 14 HVO-tilsette tildelt [FoU-stipend for 2024](#). Mottakarane av FOU-stipend var i tre grupper: Tilsette som er i kvalifiseringsløp mot professor eller dosent, tilsette i ph.d./førstelektor-løp og endeleg ei gruppe av tilsette som får "frie" stipend.

[Professor/dosentstipend:](#)

Silje Louise Dahl (ASH), Hildegunn Valen Kleive (AHL), Harald Endre Tafjord (ASH) og Kjetil Vaage Øie (AMF).

Ph.d./førstelektorkvalifisering:

Arve Fiskerstrand, Kristin Gangstad, Sofie Holmen, Joakim Olsson, Jostein Garcia de Presno og Liv Kristin Bjørlykke Øvereng (alle AHL).

Frie FoU-stipend:

Ellen Lexerød Hovlid (AMF), Øystein Salhus (AKF), Ola Teige (ASH) og Jan Håkon Vikane (AHL).

Forskningsutvalet er glad for at det var svært mange søkarar i år, noko som diverre medførte at berre ca. halvparten av søkarane fekk tildelt stipend. Forskningsutvalet vil før neste utlysing av FoU-stipend drøfte omfang og innretning på FoU-stipenda og i møtet tok fleire til orde for å auke talet på "frie" FoU-stipend.

Ros frå språkrådet - igjen

Språkrådet har i eit brev til Høgskulen i Volda formidla resultat av ei kartlegging av språkbruken på nettsidene og i sosiale medium. Språkrådet skriv at Høgskulen i Volda har lukkast med god balanse mellom nynorsk og bokmål, og har oppnådd lovkravet med glans. Det området som må betrast, er skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar, eit arbeid studieadministrasjonen er i full gang med. Snart kjem alle skjema på både nynorsk og bokmål!

Forskningspublisering i 2022 - nedgang for Volda

Statistikk over forskningspubliseringa ved Høgskulen i Volda syner at den samla publiseringa målt i "Tellekantpoeng" gjekk opp frå 110 til 111 poeng frå 2021 til 2022. Men samtidig fekk Høgskulen i Volda 10 fleire tilsette i 2022, og dermed gjekk den gjennomsnittlege publiseringa pr årsverk ned frå 0,45 pr tilsett til 0,43 pr tilsett. Dette er blant dei lågaste publiseringssratene pr tilsett i UH-sektoren.

Forskningsdagane 2023, og temaet er: Energi

På Høgskulen i Volda blir [Forskningsdagane 2023](#) arrangert i veke 38 og 39. Det nasjonale temaet for forskningsdagane er energi. [Forskningsrådgivar Ida Haug Theodorsen](#) er hovudansvarleg for forskningsdagane på Høgskulen i Volda og inviterer tilsette og studentar til å kome med framlegg til aktivitetar og arrangement. Og forskningsdagane startar som vanleg med utdeling av [FoU-prisen](#), og det skjer fredag 22. september.

Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.

Læringsverkstaden: Nettseminar om kunstig intelligens 28. april

[Læringsverkstaden](#) arrangerer fredag 28. april til nytt nettseminar om kunstig intelligens og ChatGPT. Tre fagtilsette vil fortelje praksishistorier om bruk av kunstig intelligens i undervisning og forskning. Vi vil også sjå litt på korleis ein kan utforme oppgåver i arbeidskrav og eksamenar på ein måte som minimerer utfordringar ved til dømes ChatGPT. Innleiarar på webinarer er høgskulelektor Joakim Olsson, førsteamanuensis Kjetil Vaage Øie, førstelektor Nils Magne Magerøy og leiar på Læringsverkstaden Sindre Sandbakk. Meir informasjon om seminaret kom i nyhende-brev nr 4/2023 frå Læringsverkstaden som vart sendt til alle tilsette på HVO 18. april. [Her er lenke til påmelding til seminaret.](#)

Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 15. mai

Fram til 15. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2023. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskingsdagane 22. september 2023. Her er [informasjon om prisen, retningslinjer for tildeling og tidlegare prisvinnarar](#). Dei som ønsker å nominere nokon klikkar på lenke til nettskjema som vart sendt ut i e-post frå rektor 22. mars.

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpande frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhende-brev frå Læringsverkstaden.](#)

Styre og stell

Justering av ventilasjon i Berte Kanutte-huset

Statsbygg arbeider med å justere det nye ventilasjonsanlegget i Berte Kanutte-huset. Det vil føre til at det til tider vil opplevast som at det er dårleg ventilasjon i delar av huset. Arbeidet skal vere ferdig ca. 25. april.

Boring ved Hans Strøm-huset - stengde parkeringsplassar

Hans Strøm-huset skal i framtida bli oppvarma også ved hjelp av jordvarme. Eit ledd i dette arbeidet er er å bore "energibrønner". Det går ut på å bore 6 brønner som kvar er 200-300 meter djupe. Det er selskapet Norsk Boretikk utfører arbeidet denne og neste veke. Boringa vil ikkje gå stilt for seg og arbeidet går frå kl 7 om morgonen og til kl 19 om kvelden. I anleggstida vil selskapet også disponere ein del av parkeringsplassane i området.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Voldarektor kan bli Molderektor

Etter første runde i rektorvalet ved Høgskolen i Molde vart resultatet at Johann Roppen fekk 38,9 prosent av røystene, Elin Mordal fekk 37,1 prosent og sitjande rektor Steinar Kristoffersen fekk 24,1 prosent av røystene. Det blir dermed ein ny valrunde mellom dei to som fekk flest røyster, og 26. april blir det klart kven som blir ny rektor ved Høgskolen i Molde frå 1. august 2023. [Les meir på nettsidene til Høgskolen i Molde.](#)

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv

gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

Professor Gamlem om kunstig intelligens i skulen

[Professor Siv Gamlem](#), AHL, vart [intervjua av NRK i programmet God morgon Møre og Romsdal onsdag 19. april](#). Bakgrunnen for intervjuet er eit forskingsrådsprosjekt om kunstig intelligens i skulen som Gamlem er med på saman med [førsteamanuensis Synnøve Moltudal](#) og [høgskulelektor Joakim Olsson](#) og forskarar ved Høgskolen i Østfold, Halden kommune og firmaet Hypatia Learning AS. Prosjektet starta i 2022 og vil vare til 2025. [Les meir om prosjektet i denne artikkelen](#). Dette er eit innovativt og spennande prosjekt om korleis kunstig intelligens kan gi støtte til læring i skriveprosessar.



Stipendiat Kvalen Pilskog på konferanse i Rotterdam

[Stipendiat Veronica Kvalen Pilskog](#), AMF, presenterte fredag 14. april innlegget “Science Communication on a controversial topic to hospital health professionals – Which channels are best suited?”. Det skjedde på konferansen [Public Communication of Science and Technology \(PCTS\)](#) i Rotterdam. Konferansen var arrangert av PCTS Network og samla 650 deltakarar frå 55 land. Årets tema var “Creating Common Ground”. Kvalen Pilskog er tilsett på Avdeling for mediefag og er tilknytt prosjektet [MANREPORT \(Mandatory reporting of intimate partner violence\)](#).

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Direktør for Studentsamskipnaden i Volda \(SiVolda\)](#) - søknadsfrist 2.5.2023
[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag](#) - søknadsfrist 15.8.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

20.4.2023: [Huskonsert](#), Konsertsalen Kaarstad
20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
23.4.2023: [Symfoniorkesteret og Brass-brør](#), Hjørundfjord kyrkje
25.4.2023: [Forskarseminar: Hans Nielsen Hauge](#), BK 159
26.4.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
27.4.2023: [Boklansering: Arnljot Løseth: Den industrielle revolusjonen](#), Biblioteket
3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
4.-7.5.2023: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)
6.-13.5.2023: [Bygdepride](#)
17.5.2023: [Symfoniorkesteret, Nasjonal festkonsert](#), Volda kyrkje
25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

23.6.2023: Felles sommaravslutning for alle tilsette, BK Kantina

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar

15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)

4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)

7.9.2023: [Høgskulestyret](#)

[Animation Volda](#)

26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)

7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret

8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)

30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

17.4.2023: [Søker om midlar til lærar-master i Kristiansund](#)

27.3.2023: [Jan Ove Ulstein har disputert. Nokre personlege notat](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)

ØrstaVolda.no

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)